



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokn



Årsrapport 2024 Ørskog sokn

Årsmelding og årsrekneskap

Innhald

Innleiing	4
Ørskog sokn	5
Soknerådet.....	5
Tilsette og stillingar	5
Økonomien til soknet	6
Inntekter.....	6
Utgifter	6
Bruk av fond	7
Framovermelding	7
Likestilling i sokneråd og stab.....	7
Sokneråd og stab	8
Visjon.....	8
Om soknerådet.....	8
Viktige saker i 2024.....	8
Staben	9
Underutval og arbeidsgrupper	10
Utval.....	10
Arbeidsgrupper	10
Gudstenester og kyrkjelege handlingar	11
Statistikk.....	11
Gudstenestene i 2024.....	11
Husstyret	12
Misjon	13
Misjonsavtalar	13
Samarbeid med Stefanusalliansen	13
Samarbeid med HimalPartner – Eit liv utan vald	13
Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid	14
Breiddetiltak i 2024	14
Faste aktivitetar i 2024.....	15
Samarbeid med barnehage og skule.....	17
Konfirmantarbeidet.....	17
Diakoni	19
Bruktbutikken	19
Fellesskapskveldar	19
Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden	20

Organisten si verksemd **Feil! Bokmerke er ikkje definert.**

Samarbeid med Skodje sokn 23

Felles gudstenester 23

Frivilligfest / Medarbeidarfest 2024 23

Avslutning og takk 24

Årsrekneskapen 25

Innleiing

Ørskog kyrkje vart bygd i 1873 og vigsla 6. november same år. Arkitekt var Jacob Wilhelm Nordan og byggmeister var Carl Berg frå Levanger.

Kyrkja er stor og vakker og har 650 sitjeplassar. Ho blir kalla Storfjord-katedralen. Kyrkja er ei langkyrkje med vesttårn. Innvendig er ho måla i lyse fargar med rosa som veggfarge i skipet. Elles er det mykje treimitasjon – eikeådring – som t.d. på interiør i koret, preikestol og på gallerifrontane, nymåla til 150 årsjubileet i 2023.

I tillegg har kyrkjelyden eit godt kyrkjelydshus i Kyrkjetoget som vart kjøpt 5. desember i 2005. Det inneheld kontor, møtesalar og stor bruktbutikk m.a.

Til Ørskog kyrkje høyrer det ein gravplass som ligg i tilknytning til kyrkja.



Ørskog kyrkje

Foto: Henta frå ørskog.kyrkjelyd.no

Ørskog sokn

Soknerådet

Soknerådet har i løpet av dette året hatt 8 møte og handsama 71 saker. Referat frå møta ligg tilgjengeleg på kyrkjelyden si heimeside. Torsdag 21. mars var det årsmøte/soknemøte. Møtet var lagt til ein fellesskapskveld.

Arbeidsutvalet er sett saman av soknerådsleiar, nestleiar og sokneprest. Frå 1.september har også dagleg leiar vore med i AU. Arbeidsutvalet førebur saker til soknerådsmøta og handsamar nokre mindre saker mellom møter ved behov.

Medlem av soknerådet	
Mons-Olav Walgermo	Leiar
Inger Valbø	Nestleiar t.o.m. 31.07.24
May Sissel R. Osvik	Representant til Fellesrådet. Nestleiar f.o.m. 01.08.2024
Kristian Fjørtoft	Medlem
Ingeri Madsen	Medlem
Knut Steinar Dyrkorn	Medlem
Kari Pauline Longva	Medlem
Kim-Ove Hestås	Medlem
Doreen Strømmen	Medlem – inn for Inger Valbø
Olav Rønneberg	Kateket, geistleg representant, t.o.m. 31.07.24
Jan Kristian Behrentz	Sokneprest f.o.m. 01.08.24
Varamedlem	
Doreen Strømmen	1. vara – fast medlem fom 01.08.2024
Ann Kristin Paulsen	2. vara
Ola Sønderland	3. vara
Kristian Sveen	4. vara

Frå 1. september har Astrid Josefine Eide vore dageig leiar i soknet og sekretær for rådet.

Tilsette og stillingar

Prestane får si løn av Møre bispedøme, andre tilsette blir lønna av Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Stillingstype og storleik	Namn	Merknad
Dagleg leiar, 25%	Astrid Josefine Eide	F.o.m. 01.09.2024
Sokneprest, 100%	Jan Kristian Behrentz	Tilsett i bispedømet
Kantor 50%	Arne B. Varmedal	T.o.m. mai 2024
Kantor 35%	Marc Labruijere	F.o.m. 01.10.2024
Kateket, 50%	Olav Rønneberg	T.o.m. 31.07.2024
Kateket, 40%	Solveig Frafjord Whitcomb	F.o.m. 01.08.2024
Kyrkjelydspedagog, 50 %	Julie Elise Tronstad	

Økonomien til soknet

Ørskog sokneråd har god økonomi takka vere inntekter frå Bruktbutikken. Årsrekneskapen for 2024 viser eit positivt brutto driftsresultat på kr. 816 027,54.

Rekneskapen til Ørskog sokneråd er delt inn i to avdelingar; avdeling 10 Kyrkjelydshuset og avdeling 16 Kyrkjelydsarbeidet.

- Avd .10 Kyrkjelydshuset hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 1 060 972,29
- Avd. 16 Kyrkjelydsarbeidet hadde eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 166 398,78

Etter bruk av fond, finansinntekter og finansieringstransaksjonar viser resultatet eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 888 574.

Inntekter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå budsjettet på inntektssida. Hovudgrunnen til dette er følgande:

Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinntekter

Resultatet her er betydeleg meir enn budsjettet med ein differanse på kr. 1 107 000. Dette skuldast eit godt år for bruktbutikken, men òg inntekter i samband med utleige til Ålesund Kyrkjelege Fellesråd, minnesamvær, barnedåp, konfirmasjonsselskap og liknande.

Refusjonar/overføringar

Her ligg også resultatet over budsjett med ein differanse på kr. 60 698. Dette handlar i stor grad om MVA-kompensasjon for anskaffingar i drift.

Andre tilskot, gåver og innsamla midlar

Her ligg resultatet 25 748 over budsjettet. Hovudsakleg fordi det ikkje var budsjettet med noko på soknet sin givarteneste.

Utgifter

Rekneskapen viser nokre større avvik frå budsjettet på utgiftssida. Hovudgrunnen til dette er følgande:

Lønn og sosiale utgifter

Resultatet her er lågare enn tidlegare, og ikkje budsjettet. Dette dreier seg om musikartenester for song og musikk i høve arrangement i kyrkja.

Elles blir alle lønnskostnader dekkja av Fellesrådet.

Kjøp av varer og tenester

Her ligg resultatet kr. 179 173 over budsjett. Det er ein stor nedgang frå 2023, noko som indikerer ei innsparing, men framleis behov for tilpassa budsjettering.

Refusjonar/overføringar

Refusjon til Fellesrådet var budsjettert med kr. 200.000 for soknerådet sitt økonomiske bidrag til undervisningsstillingane kyrkjelydspedagog og kateket. Soknet bidreg i tillegg med kr 100 000 for reinhaldstenester på kyrkjetorget. Etter avtale med Fellesrådet betalte soknet berre kr. 100.000 i 2024.

Tilskot og gåver

Her ligg resultatet tett opptil budsjett.

Bruk av fond

Det har ikkje vore brukt av dei bundne fondsmidlane i 2024.

Offer/kollekt

Det blei samla inn totalt kr. 110 580 ved offer/kollekt i kyrkja. Av dette var kr. 25.067 til eiga verksemd.

Givartenesten

Gjennom soknet sin givarteneste vart det samla inn total kr. 17.800 til eiga verksemd.

Andre innsamlingar, gåver, basar og liknande

Her vart det samla inn kr. 28.530 og av dette var kr. 25.863 til eiga verksemd.

Framovermelding

Bruktbutikken går godt og blir i dag drive av eit lag frivillige, med Mons-Olav Walgermo som leiar. Men no trengst det å finne nokon som kan overta leiinga etter han eller dele på arbeidsoppgåvene. Arbeidet med organisering, å hente og frakte møblar, små og større oppgåver er tidkrevjande.

Framtida for bruktbuikken er avhengig av frivillige. Brukt'n har mange flinke og ivrige personar. Nokre team manglar folk, og kan dermed vere litt sårbare. Men stort sett går det godt. Men det må likevel jobbast med rekruttering, for gjennomsnittsalderen er forholdsvis høg.

Når det kjem til utgifter og investeringar i 2025 viser vi til husstyret si årsmelding om at enkelte av vindauga på kyrkjelydshuset skal skiftast ut. Dette er foreløpig budsjettert med kr. 500 000 i 2025.

Likestilling i sokneråd og stab

I Ørskog sokneråd er det 10 faste medlemmar, 8 av dei er folkevalde pluss sokneprest og dagleg leiar. Av dei faste medlemmane er det 5 menn og 5 kvinner. Av dei tilsette i faste stillingar var det hausten 2024, 4 kvinner og 2 menn.

07.03.2025

Astrid Josefine Eide

Dagleg leiar

Sokneråd og stab

Visjon

Meir himmel på jorda

Den norske kyrkja er ei vedkjennande, open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.

I strategidokumentet står det at kyrkja opnar rom for tru, ho er der livet vert levd og ønskjer å vere meir for fleire.

Kyrkjelyden er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap der menneske blir utfordra til tru og aktiv teneste. Slik ønskjer kyrkjelyden å synleggjere og arbeide for at kyrkja ikkje berre er eit bygg, men ein levande organisasjon som er der for den enkelte, bygger fellesskap og utfordrar til teneste for Gud og menneske.

Medlemer i den norske kyrkja døyper borna sine, og alle born blir inviterte til trusopplæring. Kyrkjelyden viser omsorg og misjonsengasjement.

Kyrkjelyden deltek aktivt i lokalsamfunnet og fremjar menneskeverdet.

Om soknerådet

Mons-Olav Walgermo har vore soknerådsleiar, medan Inger Valbø var nestleiar fram til 31. juli. Ho reiste ut som misjonær til Japan i slutten av august, og May-Sissel R. Osvik tok over som nestleiar. Ho representerer òg soknet i Ålesund kyrkjelege felle råd.

Fleire av dei faste medlemmene har hatt gyldig grunn til å tre ut av soknerådet i løpet av året. Frå første møtet det nyvalde soknerådet hadde, har det vore eit ønske om at både faste medlemmer og varamedlemmer møter. Dette har fungert godt og har gitt varamedlemmene innsyn og engasjement i arbeidet til rådet.

Viktige saker i 2024

- Oppfølging av misjonsavtalane
- Fokus på salmesongen under gudstenestene
- Skifte av vindua på vestveggen på kyrkjetorget
- Ungdomstiltak
- Lyttartilhøva i Ørskog kyrkje
- Høyring om rammer for kyrkjevalet
- Minnetavle ved kyrkja over falne under 2. verds krig
- Styrka samarbeid med Skodje kyrkjelyd

Staben

Soknerådet ønsker å uttrykke glede og takk for dei nye tilsette i soknet.

Jan Kristian Behrentz er tilsett som prest i Ørskog og følger opplegget for prestar under utdanning. Solveig Frafjord Whitcomb har overtatt stillinga som kateket etter Olav Rønneberg, og Marc Labruijere er tilsett som kantor.

Vi har òg fått ny dagleg leiar i soknet, Astrid Josefine Eide. Sjølv om ho også har ansvar for Skodje og Spjelkavik sokn, har ho vore ei gledeleg forsterking av det administrative arbeidet hos oss.



Frå innsettingsgudstenesta til vår nye prest, Jan Kristian Behrentz. Fungerande prost, Arvid Helle, overrekker velkomstgåve til presten og familien. **Foto:** Mons-Olav Walgermo

Underutval og arbeidsgrupper

Ørsokg sokneråd har ansvar for å setje i verk tiltak på ulike område i kyrkjelydsarbeidet. Samstundes er det korkje mogleg eller ønskeleg at rådsmedlemmane skal stå for all verksemd på eiga hand. For å sikre ei god og effektiv styring, legg rådet vekt på å samordne, planleggje og initiere tiltak, heller enn å bruke møtetida på detaljert sakshandsaming eller operativt grunnlagsarbeid i alle saker.

Ein viktig del av soknerådet sitt arbeid er å *rekruttere medarbeidarar* som kan bidra i dei ulike oppgåvene og aktivitetane kyrkjelyden driv. I tillegg har rådet ansvar for å *sikre økonomisk grunnlag* for drifta, enten gjennom tilskot, gåver eller andre inntektskjelder. Gjennom denne måten å arbeide på kan soknerådet sørge for at kyrkjelydsarbeidet både er godt organisert og berekraftig over tid.

Utval

- Arbeidsutvalet
- Gudstenesteutvalet
- Trusopplæringsutvalet

Arbeidsgrupper

- 4 årsbok-komité
- Lys Vaken og Tårnagent-komité
- Knøttekor- og Barnegospel
- Husstyret
- Bruktbutikken
- Fellesskapskveld



Kyrkjelydshuset «Kyrkjetorget» på Sjøholt. Foto: google.com

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Statistikk

Kva	2022	2023	2024
Tal på gudstenester søn- og helgedagar	30	31	29
Tal på gudstenester utanom søn- og helgedagar	5	28*	4
<i>Totalt antal gudstenester i Ørskog sokn</i>	<i>35</i>	<i>59*</i>	<i>33</i>
Totalt frammøte på gudstenester søn- og helgedagar	2064	2349	2678
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester søn- og helgedagar	69	76	
Totalt frammøte på gudstenester utanom søn- og helgedagar	845	1089	1042
Gjennomsnittleg antal deltakarar på gudstenester utanom søn- og helgedagar	169*	39	
<i>Totalt frammøte på gudstenester</i>	<i>2909</i>	<i>3438</i>	<i>3720</i>
Tal på gudstenester med nattverd	23	22	23
Tal totalt til nattverd	682	854	732
Dåp	15	18	28
Konfirmerte	24	18	27
Vigsel	2	2	4
Gravferder	16	15	22
Utmeldingar	3	7	4
Innmeldingar	1	0	1

*inkludert 22 stk. gudstenester på institusjon i soknet

Gudstenestene i 2024

I Ørskog kyrkjelyd samlast vi til gudsteneste om lag annakvar søndag. Ny prest starta i august 2024 og har hatt ansvar for gudstenestene i haust. Det er varierende oppslutning om gudstenestene, men vi er glade for at det finst ein kjerne av deltakarar som kjem jamleg. Eit høgdepunkt i haust var hausttakkefesten med utdeling av fireårsboka, der mange aktive born var til stades for å få bok og delta med song. Bygdekvinnelaget stilte med deilig kyrkjekaffi i etterkant. På julaftan var kyrkja full. Amanda Schmidiger Hansen deltok med vakker song. Vi kan òg trekkje fram minnegudstenesta i haust, der vi vart mint om dei som hadde gått bort det siste året. Her deltok Elin Dyrkorn og Marit Ellen Lund med fin musikk i samarbeid med organist Marc Labruijere.

Vi har kyrkjekaffi med variert innhald etter kvar gudsteneste, og opplever det som ein viktig sosial møteplass. Det er frivillig klokkarteneste og kyrkjevertar på gudstenestene.

Det er eit sterkt ønske frå soknerådet om å styrke salmesongen. Det skal jobbast derfor vidare med konkrete tiltak i løpet av 2025.

Hausten 2024 er det ikkje vore gjennomført gudstenester på institusjon i soknet. Dette er noko vi har som mål å starte opp med i 2025.

Husstyret

Medlemer i husstyret	
Stein Pedersen	Leiar
Øyvin Danielsen	Styremedlem
Ingeri Madsen	Styremedlem
Eivind Dag Nupen	Styremedlem
Ola Sønderland	Styremedlem
Mons-Olav Walgermo	Styremedlem (sekretær)

Saker husstyret har arbeidd med

Rehabilitering av vindauga

Vindauga på vestveggen i 1. og 2. etasje skal rehabiliterast. Dei nødvendige vedtaka er gjort, og varene er bestilte. Arbeidet er planlagt utført våren 2025. I tillegg skal vindauga på nord- og austveggen i begge etasjar skrapast og malast.

Bygningsarbeid etter takutbetring

Etter at taket på bygget vart utbetra og forsterka, vart det utført arbeid av Polygon. Dei skifta delar av veggen i 2. etasje bak bokreolane og undersøkte om det var fukt i veggen på det vesle rommet mot vest.

Andre oppgraderingar

- Varmepumpa ved hovudinngangen til Brukt'n er skifta ut.
- Det er plassert eit nytt kjøle- og fryseskap, samt eit ekstra kjøleskap i kafédelen, i tillegg til det som var der frå før.

Dugnad før 17. mai

- Ny beplantning i dei store blomsterurnene.
- Vanleg vårvedlikehald på uteområdet.
- Nedskjering av 10–15 tre langs grensa mot aust og fjerning av underskog.

Samarbeid med Nordvest Nett AS

Ein munnleg avtale med Nordvest Nett AS har fungert godt. Dei får legge snø frå si tomt på vår tomt ned mot elva, mot at dei òg fjernar snøen frå vår tomt. I tillegg får dei lagre tomme tromlar på ein avgrensa del av tomta vår mot aust. Dei har òg vore behjelpelege med maskiner når husstyret har hatt behov for tilsyn på taket eller flytting av tunge gjenstandar.

Husstyret har følgd opp mandatet sitt etter beste evne og utført nødvendig arbeid også dette året.

Misjon

Ørskog kyrkjelyd støttar Stefanusalliansen og HimalPartner.

Misjonsavtaler

Ørskog sokn har to aktive misjonsavtaler for perioden 2024–2027

- **Stefanusalliansen**
 - Avtaleperiode: 01.01.2024-31.12.2027
- **HimalPartner**
 - Avtaleperiode: 01.01.2024-31.12.2027

Samarbeid med Stefanusalliansen

Stefanusalliansen er ein trus- og menneskerettsorganisasjon med særleg fokus på kampen for trusfridom. Dei støttar misjonsarbeid i land der trusfridomen er avgrensa og forsvarar retten til å leve ut og dele trua si, særleg for undertrykte kristne.

Gjennom Stefanusalliansen støttar Ørskog sokn Antalya evangeliske kirke, ein tyrkiskspråkleg kyrkjelyd som ønsker å vise at ein kan vere både tyrkisk og kristen samtidig.

Samarbeid med HimalPartner – Eit liv utan vald

HimalPartner har som føremål «å gjennom ord og teneste bringe evangeliet til tibetanarar, nepalarar og andre folk i landa rundt Himalaya». Organisasjonen har ein diakonal profil og arbeider særleg med å førebygge barneekteskap, vald og menneskehandel. Dei jobbar for å endre haldningar til vald og styrke menneskers evne til ikkje-valdeleg problem- og konfliktløysing, primært på «lågt» nivå i heim og klasserom.

Våren 2024 reiste tre personar frå kyrkjelyden – Mons-Olav Walgermo, Liv og Ola Sønderland – til Nepal for å oppleve HimalPartner sine prosjekt på nært hald. På ein fellesskapskveld hausten 2024 delte dei inntrykka sine med kyrkjelyden og fortalde om opplevingane frå turen.



Bilder frå turen til Nepal våren 2024 **Foto:** Mons-Olav Walgermo

Trusopplæring og barne- og ungdomsarbeid

Trusopplæringa i 2024 har bestått av kyrkjelydspedagog, Julie Elise Tronstad og kateketane Olav Rønneberg (t.om. 31.07) og Solveig Frafjord Whitcomb (f.o.m. 01.08.).

Opplegget omfattar både faste tilbod og breiddetiltak for ulike årskull. Dei faste tilboda er jamlege samlingar som barn og ungdom kan delta på gjennom året. Breiddetiltaka er årlege samlingar for spesifikke årskull, der alle medlemmar og tilhøyrande i kyrkjelyden får ein personleg invitasjon i postkassa.

Breiddetiltak i 2024

Trusopplæringstiltaka vart gjennomført som planlagt, med unntak av Lys Vaken.

Det er svært positivt at Ørskog kyrkjelyd har eit velfungerande trusopplæringsutval, som i samarbeid med kyrkjelydspedagogen år etter år legg til rette for samlingar for 4- og 6-åringar.

Derimot har det vore meir utfordrande å skaffe nok frivillige til Tårnagenthelga og Lys Vaken.

4-årstreff

Dette vart gjennomført på hausten, med tre samlingar der barna fekk oppleve bibelhistorier, song, hobbyaktivitetar og mat. Samlingane var svært kjekke, men sidan Knøttekoret no òg inkluderer denne aldersgruppa, har vi diskutert å redusere til to samlingar neste år og i staden invitere barna med på Knøttekor.

Barna fekk utdelt boka si under hausttakkefesten i kyrkja, ei samling som alltid blir ekstra hyggeleg med kyrkjekaffi frå Bygdekvinnelaget – noko som er til stor glede for både store og små.

Dåpsskule/6-årsbok

Dette vart gjennomført på våren, med to samlingar i forkant av hovudarrangementet. Samlingane var innhaldsrike og bestod av bibelhistorier, song, hobbyaktivitetar og eit felles måltid.

Desse samlingane gir barna høve til å bli betre kjende med kyrkja, lære om sentrale forteljingar frå Bibelen og oppleve fellesskap gjennom aktivitet og song. Det å kombinere læring med kreative og sosiale innslag skaper ei god ramme rundt opplegget.

Tårnagenthelg

Vi arrangerte ei spennande Tårnagenthelg for andreklassingane, der ein av hovudaktivitetane var klatring opp i kyrkjetårnet. For nokre av barna var høgda litt skummel, medan dei fleste syntest det var ei spennande og kjekk oppleving.

Lys Vaken-helg

Denne gongen var det svært vanskeleg å få nok frivillige til Lys Vaken, men vi fekk heldigvis på plass nok folk i siste liten.

Dessverre fekk vi ingen påmeldingar til arrangementet, noko som var overraskande sidan oppslutninga året før var svært god. Etter litt undersøking viste det seg at feilen låg i

utsendinga av invitasjonar frå kontoret – barna i Ørskog hadde fått feil invitasjon og vart ved ein feil inviterte til Lys Vaken i Skodje kyrkje helga før. Berre éin av dei inviterte frå Ørskog deltok der.

Dette var sjølvsagt uheldig, men vi prøver å gjere det godt igjen neste år ved å invitere både 6.- og 7.-klassingane til overnatting. Om dette blir ein suksess, kan vi vurdere å arrangere Lys Vaken annakvart år med to klassetrinn samla.

Dette er noko vi må vurdere på å vidareføre, sidan Lys Vaken er eit svært ressurskrevjande arrangement, og overnatting berre er mogleg dersom vi har nok frivillige og nattevakter. Samtidig er klassetrinna i Ørskog relativt små, og kyrkja såpass stor, at det burde vere mogleg å invitere to trinn samstundes.

«Brev til meg»

I februar 2024 vart alle ungdommar som vart konfirmerte i kyrkjelyden for tre år sidan, inviterte tilbake til ei samling med pizza, sosialt samvær og utdeling av breva dei skreiv til seg sjølve under konfirmanttida. Arrangementet fann stad på Kyrkjetorget, og samla om lag 50 % av dei inviterte.

"Brev til meg" er eit tiltak for å skape ein møteplass der ungdommar kan reflektere over tida som har gått sidan konfirmasjonen. Ved å lese breva dei sjølve skreiv som konfirmantar, får dei høve til å sjå tilbake på eigne tankar, forventningar og håp for framtida. Dette kan vere både ein tankevekkande og givande oppleving



Tårnagentar på oppdrag i kyrkja!

Foto: Inger Valbø

Faste aktivitetar i 2024

Babysong

Babysong vart leia av kyrkjelydspedagog Julie fram til sommaren, og deretter av kateket Solveig frå hausten.

Vi opplever at dette er eit tilbod som blir sett stor pris på av mødre (og ein sjeldan gong fedre) som er i permisjon med baby. Babysong gir dei høve til å møte og bli kjende med andre i same situasjon, og fungerer som ein sosial møteplass der dei kan knyte nye kontaktar.

Samlingane inneheld ei koseleg songstund, med alt frå såpebobler til rytmeegg, noko som skaper ein god atmosfære både for foreldre og barn. Det er ofte mellom 5 og 10 mødre med babyar som deltek.

Knøttekor

Knøttekoret vart starta opp våren 2024, og mange barn møtte opp frå første dag. Koret er for barn i barnehagealder (2–6 år) og har ei halvtimes øving fylt med liv og glede. Her er det bamsar, song og dans, og barna synest det er stor stas å få trekke den neste songen.

I starten var Arne Varmedal pianist for barna, men etter at han gjekk bort, vart det vanskeleg å halde fram som før, og sommaravslutninga måtte avlysast. Då vi starta opp att om hausten, fekk vi med oss to konfirmantar, Goda Skiryte og Guro Bolstad, som bytte på å spele piano.

Etter øvinga er det ein halvtime med kveldsmat og frileik, der Inger Wenche Lid Vethe og Mette Sivertsen Breyholtz steller i stand gode måltid og òg hjelper til med øvingane. Dette er ei verdifull stund der både barn og foreldre blir kjende, og vi får dele eit fint fellesskap på Kyrkjeterget.

Barnegospel

Barnegospel har øving same dag som Knøttekoret. Når Knøttekoret avsluttar med kveldsmat og frileik på Kyrkjeterget, kjem skulebarna rett til måltidet og har si øving etterpå.

Barnegospel fekk ein treigare start enn Knøttekoret, og før sommaren var det i praksis berre Knøttekoret som hadde øvingar på Kyrkjeterget. Kyrkjelydspedagogen og dei frivillige diskuterte situasjonen og blei einige om å prøve litt til. Etter sommaren har det danna seg ein fast gjeng på seks jenter som møtest og øver saman.

Sjølv om gruppa er liten, og det blir sårbart dersom nokon er sjuke eller ikkje kan kome ein onsdag, er engasjementet blant dei som deltek sterkt. Både Knøttekor og Barnegospel "konkurrerer" med andre fritidsaktivitetar, men vi ser at dei som kjem, synest det er kjekt, og vi håpar at fleire vil bli med etter kvart.

Samarbeid med barnehage og skule

Undervisning om Moster 2024

Alle 5.-klassane fekk besøk med undervisning om Moster 2024 og jubileet for 1024, som vart markert i mai og juni. Skulane tok svært godt imot dette, noko som viser at dei gjerne deltek i gode prosjekt og idéar.

Bibelutdeling

Ørskog barneskule ønskte ikkje at bibelen skulle delast ut på skulen. Vi sende derfor e-post til alle føresette, og om lag halvparten svara positivt på at dei ønskte å motta ein bibel.

Påskevandringar og julevandringar

Begge barnehagane og høvesvis 1. og 2. trinn deltok på tilbodet om pedagogisk opplegg i kyrkja før påske og jul. Dette er ein viktig del av kateketen sitt arbeid i tida før høgtidene, og det opplevast som ei givande oppleving for alle partar.

Skulegudstenester

Ørskog skule og Sjøholt folkehøgskule ønskte også i år å halde si tradisjonsrike juleavslutning i kyrkja. Kateketen var på skulebesøk to gonger før gudstenesta for å planleggje og samarbeide med både lærarar og elevar, medan presten vitja folkehøgskulen.

Det er generelt ei stor glede at forholdet mellom barnehage, skule og kyrkje er så godt her!

Konfirmantarbeidet

Våren 2024 vart nok eit kull konfirmert. Konfirmantane har møttast i to ulike grupper etter skuletid på Kyrkjetoget.

I tillegg har dei delteke på fleire felles arrangement med Skodje, blant anna:

- Konfirmantlaurdag med fokus på misjon på Gomerhuset
- Konsert med Respons
- Sosial filmkveld

Dette har vore fine møteplassar som har gitt konfirmantane både læring, fellesskap og gode opplevingar.

Fasteaksjonen var gjennomført med innsamling til Kirkens Nødhjelp.

Hausten 2024 tok eit nytt kull til, og den påtroppande kateketen bestemte å samle alle konfirmantane i éi felles gruppe til ettermiddagsundervisning, saman med den påtroppande presten. Dette fungerte godt.

Vi ønskte også å bruke kyrkja som undervisningsarena i nokre av timane, sidan ho byr på andre moglegheiter enn Kyrkjetoget. Dette ønskjer vi å gjere endå meir av neste år, då vi opplever at kyrkjerommet skaper gode og interessante rammer for undervisninga. Eit viktig mål er at konfirmantane skal føle seg heime i kyrkja.

Nytt av året er at vi har gjeninnført ministrantteneste, som presten følger opp. Kanskje kunne det også vore kjekt om konfirmantane fekk prøve seg som frivillige i andre delar av kyrkjelyden sitt arbeid?

Vi drøyer om å kunne tilby konfirmantleir, og dette er noko vi vil jobbe mot som eit mål for neste år.



Konfirmantar 2024

Foto: Brit Imsland Skjelten

Diakoni

Bruktbutikken

Butikken har halde ope onsdagar og laurdagar gjennom heile året. Interessa for brukte varer er stor og aukande, og vi marknadsfører oss aktivt på Facebook og Instagram, i tillegg til annonser i aviser og andre kanalar. Heimesida blir lite brukt og vil bli nedlagt i løpet av 2025.

Vi får inn mykje fint og godt brukbart utstyr, og salet har vore svært bra dette året også. Det krev stor innsats for å halde god orden og system i butikken. Onsdagar har vore avsett til rydding, utpakking, prising og sal, og vi har vore heldige med mange stabile og dyktige frivillige som har gjort ein stor og god jobb. Nokre har òg stilt opp fleire dagar i veka for å få unna nødvendig arbeid.

Julebutikk i Småsenteret

I 2024 leigde vi lokale i Småsenteret for å samle juleting på ein stad. Vi hadde fått inn så mykje gjennom året at vi fylte opp eit lokale på ca. 60 kvm. Dette viste seg å vere eit nødvendig tiltak, og vi gjekk i pluss her også.

Behov for fleire frivillige

For å oppretthalde drifta treng vi fleire frivillige på team. Det er fire timar kvar sjetten laurdag som går med til kjøkkenteneste, kassearbeid eller oppgåver i butikken. Mange har vore svært stabile, noko vi er svært takksame for, men vi treng likevel fleire frivillige på nokre team.

Bruken av inntektene

Midlane vi får inn, går til:

- Drift av Kyrkjetorget
- Vedlikehald og utbetringar
- Kyrkjelydsarbeid og trusopplæringstiltak
- Tilskot til stillingar som kateket og kyrkjelydspedagog
- Misjonsavtalar
- Avsetning på disposisjonsfond

Vi set stor pris på engasjementet frå både frivillige og kundar, og ser fram til eit nytt år med vidare drift og utvikling!

Fellesskapskveldar

Ein gong i månaden samlast vi til fellesskapskveld på Kyrkjetorget, med eit tema og felles kveldsmat. Det er ei komité leia av presten som står for dette arbeidet, men vi ser at vi treng fleire frivillige med i planlegging og gjennomføring.

Høgdepunkt frå hausten

Vi trekke fram nokre av dei temakveldane som har vore godt besøkte og har skapt engasjement:

Grillfest for kyrkjelyden

Soknerådet arrangerte denne 20.juni til glede for mange.

HimalPartner – tur til Nepal

Mons-Olav Walgermo, Liv og Ola Sønderland delte inntrykka sine og fortalde om opplevingane frå turen til Nepal.

Bibelen på 60 minutt – Ein temakveld i Ørskog kyrkje der Alf Kjetil Walgermo heldt eit inspirerende innlegg. Kyrkjekoret deltok med flott song, og det var svært godt oppmøte.

Felleskapskveld om psykisk helse – Kommunepsykolog i Fjord, Kristian Dirdal, og poet Robert Botn snakka om psykisk helse med utgangspunkt i Botn si diktning. Kvelden sette fokus på psykisk helse i samband med Verdsdagen for psykisk helse den 10. oktober.

Pilegrimsvandring før jul – Like før jul besøkte Trond Muri oss og delte si oppleving av å gå ei pilegrimsvandring, inspirert av Jostein Gaarder si bok *Julemysteriet*. Han fortalde om reisa si frå Oslo sentrum til Betlehem, ein kveld som skapte refleksjon og ettertanke.

Felleskapskveldane har vore verdifulle møteplassar, og vi håpar å kunne vidareutvikle desse kveldane framover.



Frivillege på brukt`n.

Frå venstre; Anny Hauge, Berit Walgermo Pedersen, Marit R. Søvik

Foto: Mons-Olav Walgermo

Musikk- og kulturlivet i kyrkjelyden

Ørskog kyrkje har eit rikt musikkliv med barnekorgrupper, som Knøttekor og Barnegospel. Desse kora har bidrege med musikk i fleire gudstenester, ofte saman med eksterne musikkrefter. Ørskog sokn har ikkje sitt eige kyrkjekor, men i Skodje kyrkjekor er det 6 – 7 medlemmer frå Ørskog. Dei deltar i Ørskog kyrkje med salmekveldar og konsertar. Det er ønskeleg at koret eller deler av koret oftare kan delta under gudstenester for å styrke salmesongen.

Det har vore arrangert både salmekveldar og konsertar i kyrkja si regi, der kyrkjekoret, barnekoret og andre musistar har delteke. I tillegg har kyrkja vore arena for konsertar arrangert av eksterne aktørar. Mellom dei som har halde konsertar, finn vi kjende namn som SKRUK, Ørskog Brass, Ørskog skulekorps og elevar frå kulturskulen.

Ei takk til Arne B. Varmedal

Med Arne B. Varmedal sin bortgang i mai 2024 mista kyrkjelyden ein stødig og fagleg dyktig kantor som gjennom mange år hadde ansvaret for den kyrkjemusikalske verksemda.

Arne var ein erfaren organist med solid kunnskap og ein sikker musikalsk stil. Han stod for eit gjennomført og profesjonelt spel ved gudstenester, kyrkjelege handlingar og andre arrangement i kyrkja. Med sin kompetanse og sitt presise arbeid sikra han ei trygg og stabil ramme rundt den liturgiske musikken.

Vi er takksame for innsatsen han la ned gjennom si tid som kantor i soknet vårt. Vi lyser fred over Arne sitt minne.

Organisten si verksemd

Etter ei periode med ulike vikarløysingar vart Marc Labruijere tilsett som fast organist i oktober. Vi ser fram til å vidareføre det musikalske arbeidet i kyrkjelyden med Marc som drivkraft.

Hovudarbeidet til organisten er å spele til dei lovpålagde oppgåvene som gudstenester, gravferder og vigslar. Dette omfattar også akkompagnering av solistar og kor. Ved dei fleste gravferder spelar organisten preludium før seremonien.

Ved nokre gudstenester har organisten hatt ansvar for å skaffe eksterne musikkrefter, som til dømes ved minnegudstenesta på allehelgensdag og i julegudstenestene. Desse gudstenestene har hatt musikalske innslag frå kyrkjekoret, barnekoret og solistar, mellom anna elevar frå kulturskulen.

Som ein del av arbeidet sitt i kulturskulen held organisten korte orgelkurs to gongar i året. Desse kursa er viktige for rekrutteringa av nye organistar. Orgelelevane har fleire gongar delteke med musikkinnslag i gudstenester og andre arrangement, noko som gir dei verdifull speleerfaring og bidreg til å halde orgeltradisjonen levande i kyrkjelyden.

Instrumenta i kyrkja

Pianoet i Ørskog kyrkje er gammalt, slite og klangmessig for lite for kyrkjerommet. Det bør på sikt vurderast å skifte ut med eit nytt piano som er meir eigna for rommet.

Orgelet i kyrkja er no 40 år gammalt og treng ei omfattande overhaling. Det er aldri blitt ferdig intonert sidan det vart bygd, og fleire utfordringar med mekanikken bør utbetrast. Tidlegare organist Arne Varmedal hadde vore i kontakt med ein orgelbyggjar om dette, men saka har stått stille i nokre år. Den nye organisten har no teke opp tråden og har hatt ny kontakt med orgelbyggjaren for å undersøke vidare moglegheiter for oppgradering.

Planar for det komande året

Frå januar 2025 har organisten starta som akkompagnatør for barnekoret. Vidare er det planar om å arrangere konsertar i organisten si regi, gjerne med deltaking frå lokale musikkrefter eller innleigde musikarar. Ein ønskjer òg å inkludere andre kunstuttrykk for å skape varierte og spennande musikkopplevingar.



Orgelet i Ørskog kyrkje

Foto: Inger Valbø

Samarbeid med Skodje sokn

Felles gudstenester

I året som gjekk, og også tidlegare, har Ørskog og Skodje sokn samarbeidd om enkelte gudstenester. Kristi Himmelfartsdag på Tøsse har veksla mellom dei to sokna når det gjeld ansvar. Dette året var det Skodje sin tur, men grunna dårleg vær vart gudstenesta flytta til Skodje kyrkje.

Liasetra har tradisjonelt vore ei gudsteneste der Ørskog har hatt ansvaret åleine, men i år var det Skodje-presten som forretta på grunn av vakanse i Ørskog. Det vart oppmoda til at folk frå Skodje støtta opp om denne friluftsgudstenesta. Vêret var nokså bra, men mykje knott og mygg.

Ei felles pinsegudsteneste var også noko nytt i 2024, med Ørskog som vertskap. Oppslutnaden kan nok bli endå betre, frå begge sokna si side.

Frivilligfest / Medarbeidarfest 2024

Til ein frivilligfest eller medarbeidarfest er alle som har ei større eller mindre oppgåve invitert, eller for så vidt alle som brenn for kyrkjelyden er velkomen.

I 2024 var festen lagt til Brusdalsheimen og den vart arrangert i samarbeid med Skodje sokn.

Festen starta med eit godt måltid, hadde eit lett program som bordkonkurransse og anna fellesskapsbyggande underhaldning. *Kveldens gjest* var innslag i tillegg til ein *minikonsert* med musikalsk gjest.



Gudsteneste på Liasetra, 16.juni.
Julie Elise Tronstad held preika med stort engasjement.

Foto: Inger Valbø

Avslutning og takk

Kyrkjelydsarbeidet i soknet er ein sentral del i lokalsamfunnet og skaper fellesskap og tilhøyrse for menneske i alle aldrar. Arbeidet omfattar i særleg grad barn og unge, men kyrkja er også ein viktig møteplass for vaksne og eldre.

I tillegg til innsatsen frå dei tilsette, er det mange frivillige som gjev av si tid og sitt engasjement. Dei bidreg aktivt i trusopplæringa gjennom samlingar som Babysong, Knøttekor, Barnegospel, Tårnagenthelg og konfirmantarbeid. Dei er også med i arbeidet med gudstenester og fellesskapskveldar, der deira innsats er avgjerande for å skape gode opplevingar for kyrkjelyden. Mange engasjerer seg også i brukbutikken, som ikkje berre skaffar inntekter til kyrkja, men også fungerer som ein viktig sosial arena. Frivillige deltek òg i vedlikehald og praktiske oppgåver i og rundt kyrkja og Kyrkjeterget, noko som sikrar at lokala er innbydande og godt tilrettelagde for aktivitetane som finn stad.

Utan denne innsatsen ville mykje av kyrkjelydsarbeidet vore vanskeleg å gjennomføre. Difor vil vi rette ei stor takk til alle som bidreg med si tid og sitt engasjement. Dei gjer ein verdfull innsats som betyr mykje både for kyrkjelyden og for heile lokalsamfunnet i Ørskog.

Mons-Olav Walgermo

Soknerådsleiar

Årsrekneskap 2024

Ørskog Sogn

Regnskapsskjema - Drift, Ørskog Sokn 2024		Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinn. budsjett 2024	Regnskap 2023
Inntekter:					
600-659	Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter	1 511 876	1 107 000	1 107 000	1 140 442
660-679	Salg av driftsmidler/fast eiendom				
700-789	Refusjoner/overføringer	149 798	89 000	89 000	213 480
790	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale				
800-829	Statlige tilskudd				45 000
830-839	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.				3 000
840-859	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd				10 000
860-879	Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	129 748	104 000	104 000	397 569
Sum driftsinntekter		1 791 422	1 300 000	1 300 000	1 809 492
Utgifter:					
010-099	Lønn- og sosiale utgifter	6 000			14 400
100-299	Kjøp av varer og tjenester	571 073	385 900	385 900	1 017 667
(300-389)+429	Refusjoner/overføringer, merverdiavgift note8	250 633	339 000	339 000	164 222
390	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale				
(400-479)	Tilskudd og gaver	153 688	160 000	160 000	111 132
Sum driftsutgifter:		981 394	884 900	884 900	1 307 421
Brutto driftsresultat:		810 028	415 100	415 100	502 071
900-909	Renteinntekter og utbytte	78 546			40 998
920-929	Mottatte avdrag på utlån				
500-509	Renteutgifter og låneomkostn.				
510-519	Avdrag på lån				
520-529	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				
Netto finansinntekter/-utgifter		78 546	0	0	40 998
590	Avskrivninger note 1	80 358			80 358
990	Motpost avskrivninger	80 358			80 358
Netto driftsresultat		888 574	415 100	415 100	543 069
Interne finansieringstransaksjoner:					
930	Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	661 412			369 364
940-949	Bruk av ubundne fond note 3	72 926			
950-959	Bruk av bundne fond note 4				45 418
960	Bruk av likviditetsreserve				
Sum bruk av avsetninger		734 339	0	0	414 781
530	Avsatt til dekning fra tidl. år (underskudd)	72 926			
540-549	Avsatt til disposisjonsfond note 3	661 412			353 946
550-559	Avsatt til bundne fond note 4				15 418
560	Avsatt til/styrking av likviditetsreserven				
570	Overført til investeringsregnskapet				
Sum avsetninger		734 339	0	0	369 364
580	REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK	888 574		415 100	588 486
980	REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK				0

Regnskapsskjema - BALANSE Ørskog Sokn 2024		Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIENDELER:			
Kap x.2	Anleggsmidler	Note	
	1		
x.27-x.29	Faste eiendommer og anlegg		
x.24-x.26	Utstyr, maskiner og transportmidler		
x.22-x.23	Utlån		
x.21	Aksjer og andeler		
		3 349 331	3 429 689
Kap x.1	Omløpsmidler	Note 2	
x.13-x.17	Kortsiktige fordringer		
x.18	Aksjer og andeler		
x.12	Sertifikater		
x.11	Bank bundet		
x.10	Kasse, bankinnskudd drift		
		2 816 386	1 892 174
		169 068	180 726
		2 647 318	1 711 448
SUM EIENDELER:		6 165 717	5 321 863
EGENKAPITAL OG GJELD:			
Kap 2.x	Egenkapital		
x.56-x.58	Disposisjonsfond	Note 3	
x.51-x.52	Bundne driftsfond	Note 4	
x.53-x.54	Ubundne investeringsfond		
x.55	Bundne investeringsfond		
x.5950	Regnskapsmessig mindreforbruk		
x.5900	Udekket i investeringregnskapet		
x.5960	Regnskapsmessig mindreforbruk		
x.5980	Likviditetsreserve		
x.5990	Kapitalkonto	Note	
5			
		6 129 771	5 321 556
		1 605 075	1 016 589
		286 792	286 792
		888 574	588 486
		3 349 331	3 429 689
GJELD			
Kap x.4	Langsiktig gjeld:		
x.41-x.42	Ihendehaverobligasjonslån		
x.43-x.44	Sertifikatlån		
x.45-x.49	Andre lån		
		35 946	307
Kap x.3	Kortsiktig gjeld:		
x.31	Kassekredittlån		
x.32-x.39	Annen kortsiktig gjeld	Note 6	
		35 946	307
SUM GJELD OG EGENKAPITAL:		6 165 717	5 321 863
Kap x.9	Memoriakonti:		
x.9100	Ubrukte lånemidler		
x.9200-x.9899	Andre memoriakonti		
x.9999	Motkonto for memoriakontiene		
		0	0

Noter til årsrekneskap 2024 Ørskog Sokn

Note 1

Anleggsmidler

	Inng saldo	Avskrivninger	Aktivering	Utg.saldo	Avskrivnings- periode
Festetomt	376 100			376 100	Ingen
Kyrkjelydshus	3 053 589	-80 358		2 973 231	50 år
	3 429 689	-80 358	0	3 349 331	

Note 2

Kortsiktige Fordringer

Momskompensasjon 2024	149 698
Diverse kundefordringer	19 370
Kortsiktige fordringar i alt	169 068

Note 3

Ubundne fond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
Disp.fond Menighetsråd	1 016 589	0	588 486	1 605 075
Disposisjonsfond i alt	1 016 589	0	588 486	1 605 075

Note 4

Bunde Driftsfond

	Inng saldo	Bruk av fond	Avsatt til fond	Utg.saldo
B.dr.f.Diakonatomidler	76 926			76 926
B.dr.fond, Tidl.Larsens og TH.legat	89 879			89 879
B.dr.fond,Ørskog barenkor	23 395			23 395
B.dr.fond Ida musikkfond	15 650			15 650
B.dr.Fond Trusopplæringsprosjekt	20 000			20 000
B.dr.fond, Orgelfond	5 531			5 531
B.dr.fond,kateket, ungdomsarbeid	55 411			55 411
Bunde driftsfond i alt	286 792	0	0	286 792

Note 5

Kapitalkonto

Inngående Saldo	3 429 689
Avskrivninger anleggsmidler	-80 358
<u>Utgående saldo</u>	<u>3 349 331</u>

Note 6

Annen kortsiktig gjeld

Annen kortsiktig gjeld	6 000
Leverandørgjeld	29 946
<u>Annen kortsiktig gjeld i alt</u>	<u>35 946</u>

Note 8

Lønnskostnader/Refusjon til fellesrådet

Soknet har dagleg leiar tilknytta Ålesund kyrkjelege fellesråd.

Ålesund kyrkjelege fellesråd er ansvarleg for lønn og møtegodtgjerlse.

Note 9

Strykninger

Det er ikkje utført strykninger i 2023

Note 10

Ytelser til daglig leder og valgte medlemmer

Ytelse til dagleg leiar	0
Møtegodtgjersle sokneråd	0

